



Sunnfjord  
kommune

# Handlingsplan for ungdomsrådet 2024–2027

Vedteke i ungdomsrådet 3. juni 2024



# Innhold

<b>1</b>	<b>Bakgrunn .....</b>	<b>3</b>
<b>2</b>	<b>Korleis vi har jobba .....</b>	<b>3</b>
<b>3</b>	<b>Ungdom i Sunnfjord kommune .....</b>	<b>5</b>
<b>4</b>	<b>Ungdomsrådet sine satsingsområde.....</b>	<b>7</b>
4.1	Gode møteplassar for ungdom .....	8
4.2	Eit godt kollektivtilbod .....	9
4.3	Ein god skulekvardag .....	10
4.4	Kjekke fritidstilbod og aktivitetar.....	11
4.5	Styrke ungdomsmedverknad .....	12
<b>5</b>	<b>Oppfølging av handlingsplanen .....</b>	<b>13</b>
<b>6</b>	<b>Vedlegg .....</b>	<b>13</b>



# 1 Bakgrunn

Sunnfjord kommune bestemte i sin første planstrategi for 2020–2023 å lage ein ungdomsplan. Dette kom etter eit forslag frå ungdomsrådet 10. februar 2021:

- **Ny plan: Ungdomsplan – 2021/22**  
Plan for kva ungdomstilbod ungdomen sjølve ynskjer å prioritere.  
Ungdomsrådet bør ha eigarskapet og utforme planmål.

På grunn av mangel på ressursar, vart starten for planarbeidet utsett til 2023. Frå og med 1. januar 2022, kom òg den nye barnevernslova. Ein del av denne lova, § 3-1, seier at kommunestyret må lage ein plan for å førebyggje at barn blir forsømte eller får åtferdsproblem. Denne planen har liknande tematikk som ein ev. ungdomsplan.

Ungdomsrådet ynskte likevel å lage sin eigen handlingsplan. Eit viktig spørsmål i lokaldemokrati-prosjektet kommunen har delteke i, er korleis vi kan styrke råda si rolle i kommunen. Handlingsplanen til Ungdomsrådet er difor òg eit tiltak i dette arbeidet.

Samansettinga av folkevalde organ blir som regel valde for fire år. Ungdomsrådet er spesielt fordi minst halvparten av medlemmene blir bytta ut kvar haust. Dette kan gjere det vanskeleg å oppretthalde kontinuitet i rådet sitt arbeid. Ein handlingsplan kan difor vere eit nyttig verktøy for rådet.

## 2 Korleis vi har jobba

Ungdomsrådet vedtok oppstart og framdriftsplan for handlingsplanen i møte 12. september 2023. Det vart bestemt at vi skulle legge opp til brei medverknad slik at ungdomsrådet sine mål er basert på meiningane til ungdommane i kommunen.

Ungdomsrådet laga spørsmål for å få innspel til planen. Elevråda på ungdomsskulane og Førde vidaregåande skule vart bedne om å ha verkstad for å svare på spørsmåla. Dette vart gjort ved alle skulane. Spørsmåla vart òg lagt i eit elektronisk skjema slik at alle ungdommar i kommunen kunne svare. Informasjon om skjemaet vart delt på kommunen si nettside, Facebook-side og via skulane sine eigne kommunikasjonskanalar. 402 personar svara på undersøkinga i november og desember 2023. Ungdomsrådet fekk mange gode forslag til kva som er viktig for ungdom, og svara er oppsummerte i medverknadsrapport 26.03.2023.


Den 8. april 2024 hadde ungdomsrådet eit ekstra møte for å jobbe med planen. Vi brukte medverknadsrapporten til å velje 5 satsingsområde og tiltak i prioritert rekkefølge. Dette arbeidet vart brukt til å lage eit utkast til handlingsplan.

Utkastet til handlingsplanen vart lagt fram for ungdomsrådet i møte 21. mai 2024. Vi gjennomførte eit gruppearbeid og kom med innspel om endring av innsatsområde og tiltak i planen. Desse innspela vart tatt med i utarbeiding av planforslaget som vart lagt fram for ungdomsrådet for vedtak i møte 3. juni 2024.



Bilde frå verkstad i Vassenden elevråd, Ella Margrethe O. Grønfar

Bilde frå verkstad i ungdomsrådet 8. april 2024, Odin Melvær Nordstrand, Espen Oppedal Iversen, Emilie Kongsvik Rømo, og Bertine Marskar-Strønen.



Utdrag frå verkstad i Sande elevråd om temaet helse.

## 3 Ungdom i Sunnfjord kommune


Undersøkingar som [Ungdata 2021](#), [Oppvekstprofilen 2023](#) og [Folkehelseprofilen 2023](#) viser at Sunnfjord kommune ligg betre an enn gjennomsnittet i landet på fleire område når det gjeld barn og unge. Dei fleste er nøgde med seg sjølve, foreldra sine og plassen dei bur. Men det er òg nokre nasjonale utfordringar som òg gjeld for vår kommune, så vi må jobbe spesielt med dei som står overfor utfordringar.

Handlingsplanen bygger i hovudsak på tal frå Ungdata for 2021. Dei nyaste tala for 2024 blir publiserte, men kommunane har fått førebelse tal. Ungdomsrådet vil spele ei viktig rolle i det vidare arbeidet med resultatet for 2024. Det er planlagt informasjonsmøte og arbeidsmøte for oppfølging hausten 2024. Handlingsplanen vil bli oppdatert med nye tal ved neste revisjon.


### Fritidsaktivitetar

Ungdata 2021 viser at kor mange ungdommar er eller har vore med på ei eller anna form for organisert aktivitet.

#### Ungdomsskuletrinna



#### Vidaregåande skule




**Kjelde:** [Ungdata 2021 for ungdomsskule i Sunnfjord kommune](#) og [Ungdata 2021 for vidaregåande skule i Sunnfjord kommune](#).

Førebelse tal frå Ungdata 2024 viser at 62 % av ungdomskuleelevane, 49 % av 1. klasse ved vidaregåande skule og 39 % av 3. klasse ved vidaregåande skule deltek i organisert fritidsaktivitet.


### Nøgde med lokalmiljøet

Førebelse tal frå Ungdata 2024 viser at 65 % av elevane på ungdomstrinnet er nøgde med lokalmiljøet der dei bur. Dette er ein nedgang samanlikna med tala for 2021 der 72 % var nøgde med lokalmiljøet der dei bur. Ungdata 2021 viser at dei

målepunkta er ungdomane mindre nøgde med møteplassar for ungdommar og kollektivtilbodet.



Kjelde: [Ungdata 2021 for ungdomsskule i Sunnfjord kommune](#)



Kjelde: [Ungdata 2021 for vidaregåande skule i Sunnfjord kommune](#)

## Auke i helseutfordringar

Førebelse tal frå ungdatabe 2024 syner at 66 % av ungdomsskuleelevane er nøgde med helse si, dette er ein nedgang frå 73 % i 2021. Tilsvarende tal frå vidaregåande skule viser 65 % i 2024 og 67 % i 2021 er nøgde med helse si.

15–20 % av ungdomane i kommunen føler negativ psykisk helse, stress og einsemd (Ungdata 2021). Prosentandelen har auka jamt frå 2010–2021. Jenter er meir plaga enn gutar, og ungdom på vidaregåande er meir plaga enn ungdom på ungdomskulen.

## Fråfall i skulen

Til liks med resten av landet opplever òg Sunnfjord kommune ei auke i tal elevar som strevar med å vere på skulen. 16 % av elevane i Sunnfjord fell ut av vidaregåande skule, mot 21 % i snitt for Norge. 6 % av unge mellom 15-29 år står utanfor skule, utdanning eller jobb (Folkehelseprofil, Sunnfjord kommune, 2023).

## 4 Ungdomsrådet sine satsingsområde

Ungdomsrådet hadde verkstad 8. april 2024 for å velje satsingsområde for planen. Dei fekk ein gjennomgang av medverknadsrapporten, og vart delt inn i fem grupper. Dei skulle velje 5 hovudmål eller tiltak ungdomsrådet skal arbeide for, i prioritert rekkefølge.

Møteplass for ungdom var 1. prioritet for **tre** grupper og 2. prioritet for **ei** gruppe. Dette skilte seg ut som eit viktig satsingsområde. Mål og tiltak som vart framheva var å ha ungdomsklubb i alle tettstadane med ungdomsskule, open hall og andre uformelle møteplassar inne og ute. Tilsvarande var betre kollektivtilbod 1. prioritet for **ei** gruppe og 2. prioritet for **tre** grupper og 4. prioritet for **ei** gruppe. Tiltak som vart trekt fram var oftare bussavgangar, særleg kveldstid og helg.

Ulike tiltak knytt til skulen vart prioritert som 3. og eller 4. prioritet for alle gruppene. Dette gjeld særleg betre skulemiljø og skulehelsetenesta. Meir ungdomsmedverknad og fleire fritidsaktivitetar vart òg trekt fram som viktig av fleire grupper.

Basert på denne verkstaden har handlingsplanen følgande satsingsområde:



Satsingsområda er ikkje i prioritert rekkefølge. Dei er alle viktige. Innanfor kvart satsingsområde er det konkrete mål vi vil arbeide for slik at ungdommar i Sunnfjord kommune skal ha ein god oppvekst.

## 4.1 Gode møteplassar for ungdom

Det er viktig at ungdommane i Sunnfjord kommune har gode møteplassar i sine nærmiljø. Sak, [Ungdomsklubbar i Sunnfjord kommune](#), vart lagt fram for kommunestyret i mars 2024. Kommunestyret gjorde eit vedtak om driftsform for ungdomsklubbar i Sunnfjord. Ungdomsrådet er glade for dette vedtaket, og vil arbeide vidare for finansiering og realisering.

Innspela frå elevråda viser til at alle skulane ønsker seg innandørs møteplass i nærmiljøet, som ungdomsklubb og open hall. Dei ønsker òg mest mogleg opningstid. Gaming kafè/Lan/online møteplass vart òg etterspurt av fleire. Basert på spørjeundersøkinga er det eit særleg behov i dei tettstadane som ikkje har ungdomsklubb eller open hall i dag.

«Eg møter av og til folk på fritida, men det er ikkje nokon plass å vere (Sande)».

«Ønsker berre ein plass vi kan vere inne (Vassenden)».

Ungdomsrådet har arbeidd for at det skal vere ungdomsklubb i alle tettstadane som har ungdomsskule, og fekk gjennomslag under behandling av Økonomi- og handlingsplan 2024–2027. Basert på uttalen frå ungdomsrådet bestilte kommunestyret ei sak om kostnadar for å etablere ungdomsklubb i alle tettstadene med ungdomsskule og kva samarbeid det kan vere med andre.

Ungdomsrådet ønsker òg betre utnytting av ledige kommunale hallar og lokale til aktivitet. Som ordning for open hall med billig eller helst gratis inngang.

## Ungdomsrådet vil arbeide for

Kva	Korleis
Ungdomsklubb i alle tettstadane med ungdomsskule.	<ul style="list-style-type: none"><li>• Halde finansiering av vedtak i kommunestyret om ungdomsklubbar, <a href="#">sak 023/24</a> på dagsorden.</li><li>• Uttale til kommunestyret i relevante saker, som økonomiplan og årsbudsjett.</li></ul>
Ordning med open hall i dei kommunale hallane.	<ul style="list-style-type: none"><li>• Kartlegge kva ordningar vi har i dag, og om det er mogleg å bruke hallane gratis eller billigare når dei ikkje er booka.</li><li>• Følgje opp særleg prioritert tiltak 3 Maksimere kapasiteten i kommunale bygg og anlegg» i <a href="#">plan for kultur, frivilligheit og inkludering</a>.</li><li>• Ungdomsrådet lagar eit forslag til ordning for open hall.</li></ul>
Fleire møteplassar for ungdom inne og ute.	<ul style="list-style-type: none"><li>• Medverknad i sentrumsplanlegging, i alle sentera i arealstrategien.</li><li>• Marknadsføring av ungdomsrådet sine midlar, og auke i ungdomsrådet sine midlar.</li></ul>



## 4.2 Eit godt transporttilbod

For at ungdommar skal kome seg til møteplassar og fritidsaktivitetar må dei kome seg fram. Kollektivtilbod og infrastruktur for transport er difor eit viktig tema for ungdomsrådet.

I medverknadsrapporten var køyring av foreldre eller andre den mest vanlege framkomstmetoden. Ungdomane ynskjer seg betre kollektivtilbod med fleire avgangar spesielt i helgene, og seinare bussavgangar på kvardagane. Dei ønsker eit kollektivtilbod som er billegare. For mindre tettstadar der det ikkje er økonomisk å sette opp buss er det viktig at det kjem alternative løysingar som «Trygt heim», betre utnytting av lokaltransportmidlar for ungdom, samkøyring og andre ordningar.

Mange barn og unge går og sykklar til og frå skule og fritidsaktivitetar. Ungdomane ynskjer at det skal bli lagt betre til rette for dette med bygging og utbetring av gang- og sykkelveggar. Det er òg viktig med gatelys og at dei blir vedlikehalde.

### Ungdomsrådet vil arbeide for

Kva	Korleis
Oftare bussavgangar mellom lokalsentera i kommunen.	<ul style="list-style-type: none"><li>• Ungdomsrådet vil få sak om uttale til Fylkeskommunen sine planar og strategiar for kollektivtilbod.</li></ul>
Utvide ungdomskortet til å gjelde frå 12 år.	<ul style="list-style-type: none"><li>• Ungdomsrådet melder inn behovet til Skyss.</li><li>• Samarbeid med Vestland ungdomsutval og fylkesting for ungdom.</li></ul>
Få på plass bestillingsbaserte transporttilbod (som trygt heim, LTU-midlar, ordningar for samkøyring) på strekningar utan busstilbod.	<ul style="list-style-type: none"><li>• Invitere Skyss til ungdomsrådet for å informere om planar for bestillingsbasert transport.</li><li>• Finne ein betre måte å utnytte og informere om LTU-midlane.</li><li>• Betre informasjon til ungdommane om kva bestillingsbasert transporttilbod vi har.</li><li>• Ungdomsrådet vil få sak om uttale til Fylkeskommunen sine planar og strategiar for kollektivtilbod.</li></ul>
Utbygging av gang- og sykkelveg, og sikre trygg skuleveg.	<ul style="list-style-type: none"><li>• Bestille eit notat og orientering med status på trafikktryggleik for skuleveggar.</li><li>• Følgje opp slik at tiltak i Førdepakken for Angedalsvegen blir løyst på ein god måte.</li><li>• Arbeide for å Innføre hjartesone på alle skulane.</li></ul>



## 4.3 Ein god skulekvardag

Skulen er ein viktig arena for ungdommane sin oppvekst. Det er difor viktig at det er godt læremiljø, gode fasilitetar og høg trivsel på skulane i Sunnfjord.

For ungdomsrådet er det viktig at skulane har fagleg flinke lærarar, som er gode til å lære frå seg og sjå kvar enkelt elev. Det er òg viktig at skulemiljø er høgt på agendaen. Elevar på skular med miljøkoordinator/sosiallærer, seier at dei bidreg til eit betre skulemiljø, kjekke aktivitetar i friminutt og at dei er gode personar som ungdomane kan prate med. Ungdomsrådet ønsker difor at det blir tilsett miljøkoordinator eller sosiallærer på alle skulane i kommunen.

I ungdomsrådet har det blitt meldt inn at det er vanskeleg å få time med helsesjukepleiar på skulen, og at det er variasjon frå skule til skule. Det må bli enklare for ungdommane å booke time og vere kortare ventetid. Ungdomsrådet er svært positive til [Barn unge og familjestøtte \(BUFA\)](#), som er eit nytt lågterskeltilbod under helsestasjonen. I dette teamet er det tilsett ungdomskontaktar som vil vere å treffe ute på skulane og vere ein ekstra ressurs. Dei vil kunne gje praktisk hjelp og støtte, bruke aktivitet som tiltak og verkøy, relasjonsbygging og motiveringsarbeid for å få til positive endringar.

## Ungdomsrådet vil arbeide for

Kva	Korleis
Eit godt helsetilbod i grunnskulen og vidaregåande skule.	<ul style="list-style-type: none"><li>• Meir tilgjengelege helsesjukepleiarar på skulen, helst 3 dagar i veka.</li><li>• Miljøkoordinator eller sosiallærer på alle skulane.</li><li>• Informasjon på skulane om BUFA sitt tilbod.</li></ul>
Ein inkluderande Sunnfjordskule, der elevane trivast på skulen.	<ul style="list-style-type: none"><li>• Miljøkoordinator eller sosiallærer, på alle skulane.</li><li>• Innføre eit program for inkludering og positivt skulemiljø ved alle skulane, som Palls eller draumeskulen.</li><li>• Ungdomsrådet medverkar i utforming av tiltak for oppfølging Ungdata-resultat 2024.</li></ul>
Ein god skule med godt læringsmiljø og god fysisk stand, gode uteområde og oppdatert utstyr.	<ul style="list-style-type: none"><li>• Oppfylle kompetansekrav for lærarar ved alle skulane.</li><li>• Jobbe for meir aktiv og praktisk undervising.</li><li>• Ungdomsrådet må bli involvert i det vidare arbeidet med kapasitet og kvalitet i Sunnfjordskulen.</li><li>• Følgje opp byggeprosjektet ved Sande skule og nye Førde ungdomsskule og barneskule.</li><li>• Følgje opp plan for utbetring av uteområde og innkjøp av lærebøker.</li></ul>
Oppretthalde og styrke tilbod om vidaregåande og høgare utdanning i Førde.	<ul style="list-style-type: none"><li>• Sikre oppfølging av strategien for Studentbyen Førde.</li><li>• Ungdomsrådet ønsker sak om uttale til fylkeskommunen om tilbod og struktur i vidaregåande skule.</li></ul>

## 4.4 Kjekke fritidsaktivitetar



Kommuneplanen sin samfunnsdel har eit mål om at alle kan delta på aktivitetar nær der dei bur, og at alle barn og unge deltek i minst éin fritidsaktivitet. Ungdomsrådet meiner dette er ei viktig satsing.

Alle skulane svarar at dei ynskjer møteplass/ungdomsklubb i nærmiljøet. Forslag til aktivitetar på møteplassen er å vere «ein plass ein kan henge med vennar», gaming og bandrom med «lågterskeltilbod der musikkmiljøet kan samlast».

Tilbakemeldingane frå ungdomane var at dei ønsker seg aktivitetar som dei ikkje har i nærmiljøet sitt.

«Eg trur vi ungdommar treng fleire aktivitetar der ungdommar kan møtast og vere sosiale (Bygstad)».

Det er eit bidrag i det førebyggjande arbeidet at ungdommar er aktive både fysisk og sosialt. Kjekke fritidstilbod og aktivitetar er difor viktig.

## Ungdomsrådet vil arbeide for

Kva	Korleis
At alle barn og unge kan delta på aktivitetar nær der dei bur, og at dei deltek i minst éin fritidsaktivitet.	<ul style="list-style-type: none"><li>• Betre marknadsføring av ungdomsrådet sine midlar.</li><li>• Betre marknadsføring av BUA.</li><li>• Oppretthalde og styrke ordninga med Fritidskortet. Betre marknadsføring av tilbodet.</li><li>• Arbeide for ungdomsklubb og open hall.</li><li>• Arbeide for transport mellom kommunesentera til aktivitetar som ikkje finst i tettstaden.</li><li>• Ungdomsrådet medverkar i utforming av tiltak for Ungdata-tala for 2024.</li></ul>
Sikre lågterskelaktivitetar der alle kan delta.	<ul style="list-style-type: none"><li>• Arbeide for ungdomsklubb i alle tettstadane med ungdomsskule.</li><li>• Følgje opp særleg prioritert tiltak 3 Maksimere kapasiteten i kommunale bygg og anlegg» i plan for kultur, frivilligheit og inkludering.</li></ul>
Innføring av redusert halleige for barn og ungdom i heile kommunen.	<ul style="list-style-type: none"><li>• Bestille eit kostnadsgrunnlag.</li><li>• Uttale i økonomiplan og årsbudsjett.</li></ul>



## 4.5 Styrke ungdomsmedverknad

Ungdommar er ei gruppe utan stemmerett som ikkje kan delta ved kommunestyreval. Dette er likevel ei viktig samfunnsgruppe, som må bli høyrde.

Kommunelova sikrar at ungdomsrådet skal kunne kome med uttale til kommunestyret i alle saker som er relevante for ungdom. Det er viktig at det er gode rutinar som sikrar at dette skjer i praksis. Det er eit sterkt ønske frå ungdomsrådet om tettare kontakt med ungdommane i kommunen, og særleg med elevråda ved skulane.

I møta i ungdomsrådet har det blitt meldt om stor forskjell mellom skulane om korleis elevråda fungerer, kor ofte dei har møte og kva saker dei får til behandling. Ungdomsrådet ønsker å styrke elevråda si rolle på skulane og at det skal vere felles retningslinjer for elevrådsarbeidet i Sunnfjord kommune.

Ungdomsrådet ønsker òg tettare kontakt med kommunestyret og utvalet for oppvekst og kultur.



## Ungdomsrådet vil arbeide for

Kva	Korleis
God kontakt mellom ungdomsrådet og ungdomane i kommunen.	<ul style="list-style-type: none"><li>• Betre marknadsføring av ungdomsrådet, mellom anna eiga nettside.</li><li>• Innføre ei ordning der ungdommar i kommunen kan melde inn saker til open post i ungdomsrådet.</li></ul>
Ungdomsrådet får alle relevante saker for ungdom til behandling og blir orientert om viktige saker.	<ul style="list-style-type: none"><li>• Betre rutine for oppsett av saklista, ungdomskoordinator ber kommunal-sjefane om aktuelle saker og gjere avtale med leiaren om saklista.</li></ul>
Elevråda har ei tydeleg og meningsfull rolle i Sunnfjordskulen.	<ul style="list-style-type: none"><li>• Kommunen bør lage retningslinjer for elevrådsarbeid som gjeld for alle skulene.</li><li>• Tettare samarbeid mellom elevråda og ungdomsrådet.</li></ul>
Ungdomsrådet har god kontakt med kommunestyret og utvalet for oppvekst og kultur (UOK).	<ul style="list-style-type: none"><li>• Ungdomsrådet sine møteprotokollar blir lagt fram som referatsak til UOK.</li><li>• Arbeide for talerett eller anna ordning for å møte i kommunestyre eller utval.</li></ul>

## 5 Oppfølging av handlingsplanen

I årsmeldinga til ungdomsrådet skal det vere eit punkt om korleis ungdomsrådet har jobba for å nå måla i handlingsplanen. Det blir lagt inn eit vedlegg til handlingsplanen «Status og oppfølging av handlingsplanen». Dette vedlegget blir oppdatert på slutten av året med status på dei ulike tiltaka i handlingsplanen, og kva som skal bli prioritert det neste året.

## 6 Vedlegg

Medverknadsrapport 26.03.2024

Gruppearbeid i ungdomsrådet 08.04.2024